Prosjekt: / NS: / Lånenummer: / %

MIDLAR RUSPROSJEKT

Oversikt | Perioder | Transaksjoner | Disponert | Fri kombinasjon | Gruppetaljer | Flere år | Budsjettendringer

IB	Bevegelse	UB	UB mot årsbudsjett
Regnskap	-1.094.137,02	395.752,10	-698.384,92
Disponert	0,00	0,00	0,00
Sum	-1.094.137,02	395.752,10	-698.384,92
Oppr. budsjett	0,00	0,00	0,00
Budsjettendringer	0,00	0,00	0,00
Budsjett totalt	0,00	0,00	0,00
Disponibelt	1.094.137,02	-395.752,10	698.384,92
Valuta NOK	-1.094.137,02	395.752,10	-698.384,92

Attestert i 10. januar 2013
 10. januar 2013
 487 6801 5046

[Handwritten signature]
 Håkon Isak Rasmussen



Budsjettoppfølging

Valgte utvalg: <Standard systemverdier>

Beskrivelse: 1 FLORA KOMMUNE

Region: 0 FLORA KOMMUNE

År/Periode: 2012 1 13 Ta med IB

Sortering/Gruppering: Kolonneinnhold:

Budsjettområde:

Kolonne	1	2	3
Innhold	Regnskap	Budsjett	<ikke valgt>
År	2012	2012	0000
Versjon			



1 FLORA KOMMUNE (2013) - År/Periode 2012 1 - 13

08.03.2013

	Regnskap 2012	Buds(end) 2012
Tenester: 501610 RUSPROSJEKT		
10101 FAST LØN TIL FAST TILSETTE	657.469,74	0,00
10506 TIMELØNTE	7.315,20	0,00
10901 PENSJONSINNSKOT KLP	128.675,54	0,00
10903 PENSJONSINNSKOT STP	704,00	0,00
10991 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	111.460,03	0,00
11001 KONTORMATERIELL	2.212,83	0,00
11010 KOPIPAPIR	190,40	0,00
11015 ABONNEMENT(AVISER/FAGTIDSKRIFT)	2.335,89	0,00
11151 INNKJØP MATVARER	6.972,59	0,00
11160 SERVERING VED MØTER OG UTVAL M.V.	2.998,00	0,00
11201 ANNA FORBRUKSMATERIELL, RÅVARER	62.315,48	0,00
11202 REKVISITA	4.542,08	0,00
11230 BØKE/TIDSSKRIFTER(IKKJE UNDERVISNINGSMAT	80,00	0,00
11260 ARB.TØY/VERNEUTSTYR	3.288,00	0,00
11291 VELFERDSTILTAK	10.360,58	0,00
11299 ANNA FORBRUKSMATERIELL, RÅVARER	12.322,13	0,00
11302 PORTOUTGIFTER	50,80	0,00
11303 TELEFONUTGIFTER	10.793,00	0,00
11304 TELEFONUTGIFTER MOBILTELEFONAR	2.097,86	0,00
11460 TRYKKING OG KOPIERING	260,00	0,00
11501 Opplæring, kurs	14.845,00	0,00
11503 OPPLÆRINGSTILTAK LEIARAR	5.618,75	0,00
11505 KURSAVGIFTER/HOTELLOPPHALD	37.018,92	0,00
11601 UTG. GODTGJERSLE FOR REISER	909,26	0,00
11605 REISE, DIETT OG BILGODTGJ. TILSETTE	8.086,40	0,00
11701 TRANSPORT OG DRIFT EIGNE TRANSPORMIDLAR	4.200,00	0,00
11710 BENSIN OG DIESEL	808,94	0,00
11770 REISEUTGIFTER(IKKJE OPPG.PL)	45.955,29	0,00
11801 STRAUM	14.610,16	0,00
11902 HUSLEIGE, LEIGE LOKALER, GRUNN (FESTE)	7.500,00	0,00
11910 LEIGE MØTELOKALER	1.080,00	0,00
11920 HUSLEIGER	105.336,00	0,00
11951 AVGIFTER, GEBYRER OG LIENSER	3.600,00	0,00
12001 INVENTAR OG UTSTYR	26.536,85	0,00
12003 EDB-UTSTYR	3.508,00	0,00
	21.141,60	0,00
12009 ANNA UTSTYR/INVENTAR	319,20	0,00
12102 KJØP AV TRANSPORTMIDLAR	16.530,00	0,00
12300 BYGGETENESTER,VEDLIKEHALD	244,80	0,00
14291 Moms generell komp.ordning	47.321,78	0,00
Sum utgifter	1.391.615,10	0,00
17090 ANDRE REFUSJONAR FRÅ STATEN	-980.863,00	0,00
17901 INTERNT SALG(INT. OVERFØRINGER)-mot 12901/12902/12910	-15.000,00	0,00
19501 BRUK AV BUNDNE FOND	-395.752,10	0,00
Sum inntekter	-1.391.615,10	0,00
Sum tenester: 501610 RUSPROSJEKT	0,00	0,00
TOTALT	0,00	0,00

Attestert 14/6-13
Kommunerevisjonen
Nordre Sogn og Sunnfjord
Postboks 227, 6801 Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Teneste 501610
Føring av utgifter i regnskap

Art-nr	Art-navn	Hvilke utgifter
Lønnsutgifter og kompetansetiltak		
10101	Fast løn til fast tilsette	Lønn
10901	Pensjonsinnskot KLP	Pensjonsinnskot
10991	Arbeidsgjevaravgift	Arbeidsgjevaravgift
11505	Kursavgifter/hotellopphald	Kurs, opplæring og overnattingsutgifter Tillitpersoner/ldere i prosjekt Loftet
11505	Opplæring, kurs	Kurs, opplæring og overnatting arbeidsleder Lara
11770	Reiseutgifter, ikke oppgavepl.	Kurs, hospitering etc
Diverse drift av Loftet sine lokaler/tillitpersonarbeidet		
11001	Kontormateriell	
11015	Abonnement (aviser/fagtidsskrift)	
11151	Innkjøp matvarer	Matvarer ved møter ol
11291	Velferdstiltak	Aktiviteter deltakere
11801	Strøm	Strøm
11920	Husleige	Husleige Loftet lokaler
11201	Anna forbruksmaterieell, råvarer	Mat & husholdning Loftet
12001	Inventar og utstyr	Møbler og utstyr i lokaler
11304	Telefonutgifter mobiltelefonar	mobiltelefoni
11303	Telefonutgifter	Fasttelefon
LARA		
12005	Redskap og lignende	Verktøy til arbeidstiltaket
11202	Rekvisita	Forbruks-/driftsmaterieell til verktøy
11260	Arbeidstøy/verneutstyr	Arbeidstøy og verneutstyr
11902	Husleige, leige lokaler, grunn	Husleige for lokaler på Planteskulen
11710	Bensin og diesel	Bensin bil Renault SR80594
11505	Opplæring, kurs	Kompetansetiltak arbeidsleder
11701	Transp og drift t.midler egne/a	Transport for båtflytting



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Rita Hagen Molvær
Telefon: 57643175
E-post: fmsfrhm@fylkesmannen.no

Vår dato
07.05.2012
Dykkar dato
31.01.2012

Vår referanse
2011/4986 - 720
Dykkar referanse

Flora kommune
Markegata 51
6900 Florø

Bet.2140rhm.8600/1440/07003900/76361/1401/870

Flora kommune - Tilskot til kommunalt rusarbeid 2012

Fylkesmannen overfører kr 1 983 000,- i tilskot til kommunalt rusarbeid for 2012.

Fylkesmannen gjev med dette eit tilskot på inntil kr 1 983 000,- til kommunalt rusarbeid i Flora kommune over kapittel 763 post 61 på statsbudsjettet for 2012. Unyttar midlar frå tidlegare år kr 1 094 137,- blir trekte frå beløpet. **Utbetaling for 2012 blir kr 888 863,-** Beløpet blir overført til kontonummer 37750709002 Inkludert i tilskotet er kr 10000,- per stilling øyremerkt utgifter i samband med samlingar og kompetanseutviklingstiltak, primært i regi av Helsedirektoratet og Fylkesmannen.

Vilkår

Tilskotet er gjeve ut frå regelverket for tilskotsordninga, med særleg vekt på tildelingskriterium, budsjettet i søknaden og forventa måloppnåing. Fylkesmannen føreset at tilskotet blir brukt til aktivitetar som rettar seg mot måla i søknaden. Tilskotet skal dekkje utgifter til eit årsverk. Tilskotet kan ikkje bli brukt til innkjøp av utstyr eller investeringar utover lønnsutgifter og kompetanseutviklingstiltak. Tilskotet er gjeve til føremålet som er skildra i dette brevet. Midlane kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre føremål enn det som er omtala i dette brevet. Dersom midlane ikkje blir brukte etter føresetnadene, skal dei betalast tilbake til Fylkesmannen. Eventuell feil bruk og misleghald av tilskotet kan medføre rettslege tiltak.

Klagerett

I samsvar med Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltingslova) kapittel 6 kan det ikkje klagast på avgjerda om tilskot og vilkår i dette brevet, ettersom avgjerda ikkje er eit enkeltvedtak.

Ubrukte midla

Tilskotet skal brukast i dette budsjett- og kalenderåret, jf. Bevilgningsreglementet § 3. Dersom alle midla ikkje kan disponerast i år, har ein desse alternativa:

1. Dersom det er endringar i føresetnadene og alle midlar ikkje skal brukast til prosjekt/tiltaket/aktiviteten, må ein varsle Fylkesmannen så tidleg som mogeleg i år, slik at dei ledige midlane kan omdisponerast til andre prosjekt/tiltak/aktivitetar.
2. Midla som ikkje blir brukte i år, vil normalt bli trekte frå neste års tilskot dersom prosjektet blir vidareført. Prosjektet må i ny søknad søkje om tilskot, og søknadsbeløpet må inkludere ubrukne midlar. Tilskotsmottakaren skal i skriftleg form informere Fylkesmannen om ubrukne midla i inneverande år innan **30.11.2012**. Midla som ikkje er brukte når prosjektet/tiltaket/aktiviteten er avslutta, skal snarast bli ført tilbake til Fylkesmannens kontonummer: **76940501608** merkt med kapittel, post og vårt saksnummer. Fylkesmannen skal informerast om tilbakeføringa. Vi tek atterhald om Fylkesmannens og Riksrevisjonens rett til å føre kontroll med at midlane vert brukt etter føremålet, jamfør § 10, andre ledd i

Hovudkontor
Njøsavægen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjelivegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sf

bevilgningsreglementet. Dersom midlane ikkje blir nytta etter føremålet skal dei betalast attende til Fylkesmann.

Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon

Fylkesmannen har tilgang til å kontrollere at midla blir brukte etter føresetnadene, jf § 10, 2. ledd i Bevilgningsreglementet. Fylkesmannen gjer også merksam på at Riksrevisjonen har tilgang til å kontrollere om tilskot eller bidrag av statsmiddel til offentlege eller private verksemder blir brukte etter føresetnadene. Dette er heimla i Lov om Riksrevisjonen § 12, 2. ledd. Fylkesmannen krev at rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysingar som ligg til grunn for søknaden eller utrekninga av tilskotsbeløp, skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet tilskotsbrevet blei motteke.

Rekneskap og Rapportering

Rapporteringa for kommunalt rusarbeid 2012 er utarbeidet av Helsedirektoratet i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet, fylkesmannsembete, eit utval kommunar, samt Rambøll Management Consulting. Rapporteringa for tilskotsåret 2012 blir gjennomført elektronisk via ei spesielt tilpassa nettløysning, tilsvarende som for 2011. Denne rapporteringsformen erstatter rundskrivet IS-8/2010 "*Kommunalt rusarbeid – rapportering på kommunenes bruk av øremerkede tilskudd og samlet innsats i rusarbeidet for 2010*".

Kommunen si rapportering blir gjennomført ved at den kontaktperson kommunen har oppgjeve til Fylkesmannen, får ein e-post vedlagt ei unik lenke til kommunens rapporteringsskjema. E-posten vert sendt ut i løpet av desember 2012. Kommunen kan gå inn og ut av rapporteringsskjema undervegs i rapporteringa. For å sende inn endelig rapport, trykk *avslutte* i skjemaet. Frist for registrering av endelig rapportering er **fredag 15. februar 2013**. Kommunen sin rapport vert med dette frigjeven for gjennomsyn og kvalitetssikring fra fylkesmannen. Når Fylkesmannen godkjenner rapporteringa, vert denne frigjeven for innsyn frå Helsedirektoratet. Rambøll Management Consulting administrerer rapporteringssystemet, og vil rettleie med brukarstøtte gjennom helle rapporteringsfasen.

Det skal førast separat rekneskap for tilskotet og kommunane sin eigendel, skilt frå resten av rekneskapet for eksempel med ein prosjektkode. Rekneskapet skal vise kva utgifter som er dekkja under prosjektet/tiltaket/aktiviteten og skal vere skilt frå kommunen sitt totalrekneskap. Revisor skal få ein kopi av dette brevet ved revisjon eller avtalte kontrollhandlingar knytte til dette tilskotet. Rekneskapet skal vere revidert i samsvar med Den norske revisorforenings standard ISA805 "*Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående rekneskapsoppstillingar og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en rekneskapsoppstilling*".

Revisorattestert rekneskap skal sendast til Fylkesmannen innan 31.3.2013. Ein må alltid søkje om tilskot for kvart enkelt budsjett- og kalenderår. Søknadsfristen for tilskot til tiltak/prosjekt som er planlagt vidareført i neste budsjettår, blir gjort kjent for tilskotsmottakaren av Fylkesmannen. Kunngjeringa blir publisert under <http://www.helsedirektoratet.no/tilskudd> og www.fylkesmannen.no.

Vi ønskjer dykk lykke til med arbeidet og ser fram til å høyre om resultatata.

Med helsing

Hanne Sæbø
seksjonsleiar

Rita Hagen Molvær
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til: Fakturamottak Hamar

BESKRIVELSE AV TILTAKET

BESKRIVELSE AV TILTAKET (Her skal det enkelte tiltak som det søkes tilskuddsmidler til, beskrives. Besvares på eget ark og markeres med nummer og overskrifter slik de framkommer under)

1) Forankring av tiltaket:

- Plan som beskriver arbeidet i tilskuddsperioden (Hva planen skal innholde er nærmere beskrevet i punkt 3)
- Beskriv organisatorisk forankring av tiltaket
- Er tiltaket forankret i kommunens rusmiddelpolitiske handlingsplan evt. andre kommunale plan(er)?

2) Personell i tiltaket:

- Antall årsverk i tiltaket finansiert av kommunen
- Antall årsverk i tiltaket finansiert av tilskuddsordningen
- Antall årsverk i tiltaket finansiert av eventuelt andre tilskuddsordninger
- Antall personell i tiltaket med treårig helse- og eller sosialfaglig høyskoleutdanning
- Antall personell i tiltaket med annen utdanning/erfaring (spesifiser)

3) Følgende må være beskrevet i plan for tilskuddsperioden:

- Er det gjennomført kartlegging av rusmiddelsituasjonen i kommunen?
- Estimert antall personer i kommunen med tjenestebehov relatert til rusmiddelproblemer
- Beskriv innhold/tjenestetilbud i tiltaket
- Målgruppe(r) og anslag over antall brukere som vil omfattes av tiltaket
- Målsetting(er) for tiltaket
- Beskriv den metodiske fremgangsmaten i tiltaket
- Beskriv hvordan individuell plan i tiltaket og på systemniva i kommunen blir ivaretatt
- Beskriv hvordan brukermedvirkning i tiltaket og på systemniva i kommunen blir ivaretatt
- Beskriv samarbeid og samhandling i tiltaket: etatssamarbeid i kommunen, interkommunalt samarbeid, samarbeid med spesialisthelsetjenesten, frivillige organisasjoner eller andre aktører. Legg ved evt. samarbeidsavtale(r) hvor fordeling av ansvar og oppgaver mellom partene fremkommer

3. SAMMELT FINANSIERINGSPLAN FOR ALLE TILTAK		
	Tilsluttet skole:	Beløp
Helsedirektoratet (sum det søkes om)		
Andre statlige tilskudd (spesifiser)		
Andre finansieringskilder (spesifiser)		
Kommunens egenfinansieringsdel* i kr.	Lønnskostnad Prosjektleiar	520 000
Totalsum:		

4. UNDERSKRIFT		
<p>Vi er kjent med at opplysningene i søknaden med vedlegg er grunnlag for tildeling av statstilskudd. Vi bekrefter at opplysningene i søknaden er korrekte, og at vi er kjent med vår plikt om å melde fra om eventuelle fremtidige endringer som kan ha betydning for vedtak om tildeling av tilskudd.</p>		
Sted / dato 31.01.2012	<p>Leder</p> <p>Gunnar Frøland Kommunalsjef Flora kommune</p> <p>(vedkommende med delegert myndighet fra rådmannen)</p>	<p>Tiltaksansvarlig</p> <p>Unni Furnes Nav Flora</p>

* med egenfinansiering menes kommunens andel av lønns- og driftsutgifter som er knyttet til tiltaket det søkes tilskudd til.

4) Budsjett for tiltaket:

- **Legg ved spesifisert budsjett med inntekter og utgifter for tiltaket**
- **Spesifiser søknadssum**
- **Spesifiser egenfinansiering**

Hver enkelt kommune skal sammenstille søknad(ene) fra sin kommune i henhold til del 1 av søknadsskjema. Hvert enkelt tiltak det søkes tilskudd til skal besvare søknadsskjema del 2. Den sammenstilte søknaden med aktuelle vedlegg sendes til respektiv fylkesmannsembete innen søknadsfristen. Bydeler i Oslo sender søknaden til Fylkesmannen i Oslo og Akershus via Byrådsavdeling for eldre og sosiale tjenester.

Søknadsfrist er 1. februar 2012.

TILDELINGSKRITERIER

Tilskuddet skal bidra til å øke kommunens kapasitet og samlede innsats på rusområdet og gi mennesker med rusmiddelproblemer et tjenestetilbud som er helhetlig, tilgjengelig, samordnet og individuelt tilpasset.

Kommunen må se innsatsen på rusområdet i en helhetlig sammenheng med samhandlingsreformens (St.meld. nr. 47 2008-2009) formål, psykisk helsearbeid, barnevernsarbeid, helse- og omsorgstjenestene for øvrig og relevante områder i NAV, herunder kvalifiseringsprogrammet og boligsosialt arbeid.

Se regelverk for ytterligere spesifisering av tildelingskriterier.



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
v/Rita Haga Molvær
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Vår ref:

Vår dato: 30.11.12

Informasjonsbrev til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Vi viser til Dykkar tilskotsbrev for kommunalt rusarbeid av 07.05.2012, og vil informere fylkesmannen om kva midlar som vil nyttast innan 31.12.2012, kva sum vi ber vert overført til 2013, av dei totale midlar som vart innvilga for 2012/og overført frå 2011; til saman kr 1 983 000,-.

Nav Flora/Flora kommune starta medio august 2011 opp lågterskel-tilbodet Loftet til rusavhengige.

"Prosjektet skal vere eit tilbod med låg terskel og retta mot personar som står i fare for eller allereie har utvikla eit alvorleg rus-misbruk, og som ønskjer hjelp til å endre sin situasjon. Vi skal jobbe tett på enkeltpersonar, på ulike arenaer, som tillitpersonar og på deltakarane sine premisser, slik at dei i sterkare grad klarer å dra nytte av offentlege og eigne ressursar til å betre sin livssituasjon. Vi skal legge til rette for individuelle og felles-aktivitetar på eller i knytta til Loftet som stettar hovudmåla med prosjektet. Dette gjeld og arbeids-retta aktivitetar. Vi skal i tillegg jobbe systemretta for å utvikle og ta i bruk ny kunnskap og nye metodar. Dette skal skje gjennom å vere pådrivar for gjensidig kunnskap- og erfaringsutveksling mellom instansar, og gjennom oppfølging av og samarbeid rundt den enkelte deltakar. Vi skal og vere pådrivar for å ta i bruk verktøy for å skape oversikt over omfang og konsekvensar av rusmisbruk i kommunen. Lokalet vi disponerer, "Loftet", vert ein møte- og aktivitet-stad, samt eit senter for prosjektet." (jamfør prosjektplan av 31.1.2012)

Hovedmålsettingar i prosjektplanen:

1. *"Prosjektet skal bidra til å gje deltakarane høve til å påvirke eigen livssituasjon, og til å auke meistring innan eit eller fleire av livsområdene helse, bustad, økonomi og arbeid/aktivitet.*
2. *Prosjektet skal, gjennom tett oppfølging av den enkelte deltakar, bidra til at han/ho får betre tilpassa og samordna tenester.*
3. *Prosjektet skal bidra til at vi aukar kunnskap og utviklar det metodiske arbeidet på feltet lokalt, og at modellen i prosjektet, dersom den gir positive resultat i høve målsettingane, vert vidareført som varig ordning."*

NAV Flora //
Postadresse: Hans Blomgt.39 // 6800 FLORØ

Besøksadresse: Hans Blomgt.39 // Flora
Tel: 57015100 // Faks: 57015101

www.nav.no // nav.flora@nav.no

Oversikt over disponering av tilskotsmidlar i 2012, og pr 31.12.2012

Økonomiske disposisjonar i 2012 er gjort i tråd med planlagde aktivitetar i prosjektplanen og innvilga tilskot. Mengde midlar som er nytta på dei ulike punkter er justert noko og av ulike årsaker. Dette vert kommentert under punktet "merknader".

Midlar innvilga i 2012/overført frå prosjektmidlar 2011:	kr 1 983 000,-
Midlar som vert ståande.unytta pr 1.1.2012:	kr 587 300,-

Lønn og kompetansetiltak

Lønn og sosiale utgifter 01.01-31.12.2012:	kr 900 000,-
Rekruttering (annonse mv.)	kr 7 000,-
Fagutvikling, opplæring og kompetanseutviklingstiltak:	kr 76 000,-
Lokaler og servering samarbeid (-smøter):	kr 7 000,-
Sum kostnader 2012	kr 990 000,-

Deltakar-aktivitetar knytta til prosjektet

Matvarer og liknande:	kr 55 000,-
Transport i deltakaroppfølging (nokre utgifter ført på punkt over):	kr 8 000,-
Aktivitetar (Yoga, teiknekurs, Brukarseminar, brukar-pc, aviser/blad, turar, svømmehall/trening):	kr 25 000,-
Sum kostnader 2012	kr 88 000,-

Arbeidstiltak eksl lønnskostnader

Verktøy/arbeidsklede/utstyr totalt år:	kr 90 000,-
Motivasjonsstønad kalkulert (20 arbeidsdager a 2 deltakere a kr 200,-):	kr 8 000,-
Transport (bil, avgifter, forsikring, drift, nødv. Vedklikehold/rep):	kr 30 000,-
Husleige arbeidssted (kr 2500,- pr måned x 4):	kr 10 000,-
Sum kostnader 2012	kr 138 000,-

Leige og drift av lokaler og kontor "Lofet"

husleige inkl. oppvarming/drift/repasjjon 01.01 – 31.12.12:	kr 130 000,-
IKT – (kjøp pc/telefoner, drift telefoni/data) og kontor:	kr 20 000,-
Sum kostnader 2012	kr 150 000,-

Anna ("moms generell komp.ordning"):	kr 29 700,-
---	--------------------

Sum kalkulert nytta tiltaksmidlar i 2012 og pr 31.12.2012	kr 1 395 700,-
--	-----------------------

Merknader til oversikt og bruk av tiltaksmidler i 2012

Lønn og kompetansetiltak

Lønnskostnader dekker 2012 med 1,5 årsverk tillit-personar (2 tilsette), i tillegg kjem 1/2 årsverk som arbeidsleiar frå august 2012. Søkjaren vi ynskte, hadde berre høve til å ta imot 50% stilling. Vi fann det rimeleg å starte opp tiltaket i dette omfanget og vil vurdere utviding av stillingsressurs og tilbod etter nokre månaders drift, dvs utpå nyåret. Dei 20 deltakarane i prosjekt Loftet har no tilbod om arbeid 3 gonger i veka. Arbeidstiltaket vert kommentert nede.

Det er lagt til grunn høgare kostnader på kompetansetiltak enn kva Fylkesmannen har lagt til grunn i ovannemnde tilskotsbrev. Midlane er nytta til opplæring av tilsett arbeidsleiar (vekes-hospitering, kurs, møter med relevante parter). Dei er nytta slik at relevante tilsette hos relevant samarbeidspart og har fått dekkja kostnad via prosjektmidlane ved deltaking på 2 kurs/konferansar, for fellesarbeid knytta til felt/deltakarar. Midlar er nytta til oppstart og gjennomføring av 3 møter i "tverrfagleg fora på rusfeltet i Florø". Disse møta skal i stor grad vere lågkostnad, då vi no vil ha gratis møtelokale framover, og lite kostnader til eksterne foredrags-holdarar.

Deltakar-aktivitetar knytta til målsettingar i prosjektet

Vi har no 20 deltakarar, og mellom 4-8 deltakarar som nyttar lokala dagleg (4 dagar i veka). Deltakarar har i aukande grad utover året nytta Loftet sine lokale for hjelp og samtaler med tillit-person, ete ilag med andre/ved behov, vere saman med andre og delta i nokre aktivitetar. Dei nyttar no og lokala og høvet til å ete frukost bl.a. ved oppmøte til eit dagsverk i arbeidstiltaket.

Det er vidare eit mål at lokala vi disponerer, med den aktivitet og fellesskap som utviklast der, skal vere ein positiv og styrkande faktor, i den utviklinga den enkelte deltakar ønskjer i sitt liv, og som grunnlag for kompetanseutvikling på rusfeltet lokalt. Det individuelle oppfølgingsarbeidet og bruk av Loftet, og kombinert med arbeidstiltaket, ser hittil ut til å fungere positivt og gjensidig forsterkande for deltakarar. Det er ope for at kvar deltakar i prosjektet nyttar lokala og aktivitetane på/knytta til Loftet i den grad dei sjølv treng eller ønskjer dette. Sterkt fokus på mat, handlar og i sterk grad om styrking av fysisk helse, arena for fellesskap og dagleg meistring.

Arbeidstiltaket Lara (Lågterskel arbeidsretta aktivitet)

Verktøy og utstyr: Vi har tilsett arbeidsleiar i 50% stilling frå august, då vedkomande, og ynskte søkjar, ikkje kunne ta til i høgare stillingsprosent. Vi har dermed lavere lønnskostnader enn berekna i 2012. Samstundes har Nav Flora inngått avtale med Kystmuseet i Sogn og Fjordane om reparasjon og istandsetting av deira tre-sjark Juno. Arbeidet inneber å lage/tilpasse ein mobil hengar som båten skal stå på under reparasjonar, og sjølv reparasjonsarbeidet. Seinare kjem vanlege oppgåver med vedlikehald og bruk av båten. Museet vil halde småmateriell og rettleie arbeidet. Prosjektet må sjølv halde naudsynt utstyr til å gjennomføre arbeidet. Det er kjøpt inn både tilhengar og stillas, samt arbeidstøy mv. til fleire deltakarar. Vi har vurdert dette som god investering til utvikling og anskaffing av andre arbeidsoppgåver når hovudarbeidet med båten er fullført, og for oppgåver som deltakarar kan strekke seg mot. **Leigegifter arbeidssted for prosjektet:** I samband med dette arbeidsoppdraget, har vi leigd lokale i Planteskulen, som ligg om lag 5 km ut av Florø, til å oppbevare båten under

arbeidet. Planteskulen nyttast av di det no var vanskeleg med tilsvarande plass i kommunale bygg og til dette arbeidsoppdraget. Leigeavtalen er tilpassa oppdraget og gjeld frå 1.9.12 til oppgåva er fullført, mogleg seint våren 2013.


Leige og drift av lokale og kontor (Lof tet).

Lof tet disponerer dei same lokala som i 2011. I tillegg har no arbeidstiltaket base her. Det inneber at arbeidsleiar har sin arbeidsstasjon her, og deltakarar møter til arbeid, et frukost og avsluttar arbeidsdagen her. Tidlegare huseigar selde huset med verknad frå 1.9.12. Leigesummen har då auka frå kr 6 700,- månadleg til kr 13 500,-. I tillegg har vår bruk av huset påført noko skade på terassegolv/ute som vi betaler del av. Totalt sett har dette ført til utgifter utover budsjettet sum.

Bil: Budsjettet sum for leasing av bil, var ikkje mogleg å realisere. Vi valgte difor å kjøpe ein rimeleg brukt bil. Vedlike-hald og småreparasjoner av bilen vert gjennomført i prosjektet. Utgifter vert ellers knytta til kjøp og drift. (bensin, avgift parkering, omregistrering, forsikring m.m). **Verktøy og utstyr:** kr 30 000 var planlagt. Vi vurderte at vi trengte meir grunnverktøy/-utstyr til dette oppdraget, og for å ta ulike typer oppdrag som våre deltakere kan ta og/eller strekke seg mot. På sikt kan noen til dømes ta motorsag-sertifikat og lignende. Arbeidet med å tilpasse og bygge på ein hengar som båten skal stå på under reparasjon, krev blant anna tilpassa verktøy og utstyr. **Motivasjonsstønad deltakarar:** Deltakarar har tilbod om arbeid inntil 3 dagar i veka a 4 timar, og får kr 200,- utbetalt i motivasjonsstønad for kvar dag arbeidd. Dei signerer kontrakt, og er yrkesskadeforsikra etter lov.

Nav Flora som står som prosjektøigar. Vi håper at De finn dette brevet informativt, og at resterande og unytta tilskot pr 31.12.2012 vert overført til drift av prosjektet vidare i 2013.

Med venleg helsing


Unni Furnes
Leiar
Nav Flora
Mob: 90138665

Kari Witzøe
Prosjektleiar Loftet
Nav Flora
mob: 41530116

SM 36-13



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

MOTTATT
21 JUNI 2013

Rundskriv

Førde kommune
Kommunene
Fylkeskommunene
Fylkesmennene

Nr.
H-2/13

Vår ref
2013001685 - 1

Dato
21.06.2013

Rundskriv om iverksetting av endringer i kommuneloven m.m. - egenkontroll mv.

1. Innledning

Stortinget vedtok 17. desember 2012 endringer i kommuneloven, lov om interkommunale selskaper (IKS-loven), inndelingsloven og hvitvaskingsloven. Vedtaket ble sanksjonert av Kongen i statsråd 8. februar 2013. Lovendringene bygger på forslag fra departementet i Prop. 119 L (2011–2012) Endringer i kommunelova m.m (eigenkontroll mv.).

Endringene i kommuneloven trer i kraft 1. juli 2013. Unntatt fra dette er endringen i kommuneloven § 50 nr. 1 andre punktum, som trer i kraft 1. januar 2014, og endringen i § 77 nr. 2 som trer i kraft 1. november 2015. Endringene i IKS-loven trer i kraft 1. januar 2014. Endringene i inndelingsloven og hvitvaskingsloven trer i kraft 1. juli 2013.

Departementet har også vedtatt enkelte endringer i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner. Disse trådte i kraft 1. januar 2013.

Departementet gir i dette rundskrivet en oversikt over lovendringene og knytter noen korte kommentarer til disse. Vi viser til Prop. 119 L (2011–2012) og Innst. 128 L (2012–2013) for ytterligere omtale av lovendringene.

Når ikke annet er sagt, blir begrepet kommune brukt som en felles betegnelse på både kommuner og fylkeskommuner.

2. Endringer i kommuneloven – egenkontroll

2.1 Kontrollutvalget – tidspunkt for valg

Kommuneloven § 17 nr. 2 er endret slik at kontrollutvalget skal velges på det konstituerende møtet i kommunestyret, etter valg av formannskap og ordfører. Formålet med endringen er å sikre at kontrollutvalget blir korrekt sammensatt, ved at minst ett medlem av kontrollutvalget blir valgt inn i kommunestyret. På bakgrunn av dette blir også § 17 nr. 3 endret for å slå fast at kontrollutvalget trer i funksjon fra det konstituerende møtet.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.2 Kontrollutvalget – åpne møter

Kommuneloven § 77 nr. 8 om at møtene i kontrollutvalget holdes for lukkede dører dersom ikke utvalget selv har bestemt noe annet, blir opphevet. Det innebærer at den alminnelige bestemmelsen om møteoffentlighet i § 31 også vil gjelde for kontrollutvalget. Etter lovendringen vil derfor hovedregelen være at møtene i kontrollutvalget skal være åpne. En forholdsvis utførlig omtale av reglene i § 31 er gitt i kapittel 8 i departementets rundskriv H-4/11 av 24. august 2011. Vi viser også til Prop. 152 L (2009–2010) (møteoffentlighet).

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.3 Kontrollutvalget – valgbarhet

Det er foretatt en utvidelse av kretsen over hvilke grupper som ikke er valgbare til kontrollutvalget. Kommuneloven § 77 nr. 2 er vedtatt endret slik at også varamedlemmer til kommunestyrekomiteer skal være utelukket fra valg til kontrollutvalget.

Denne endringen trer ikke i kraft før **1. november 2015**, men omtales her for oversiktens skyld.

2.4 Kontrollutvalget og revisor – rett til innsyn i selskaper

Overskriften i § 80 er endret til *Innsyn og undersøkelser i selskap*. Dette for å bringe overskriften i samsvar med innholdet i bestemmelsen. Videre er det vedtatt endringer i bestemmelsen delvis med sikte på å klargjøre hvilke type selskaper det er innsynsrett i, delvis med sikte på å utvide kretsen av selskaper det er innsynsrett i.

I § 80 er interkommunale samarbeid etter § 27 tatt inn. Det betyr at det vil bli innsynsrett også i de § 27-samarbeider som er egne rettssubjekter. Aksjeselskaper der kommune(r) eller interkommunale selskaper (IKS) direkte eller indirekte eier alle aksjer, er også tatt inn i lovteksten som innsynsobjekt. Et eksempel kan være aksjeselskap som er eiet av et interkommunalt selskap (IKS), enten alene eller sammen

med en eller flere kommuner. Også datterdatterselskaper vil kunne være eksempel på dette.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.5 Rapporteringsplikt i årsberetningen

I kommuneloven § 48 nr. 5 innføres det et krav om rapportering om internkontrollen i årsberetningen til kommunen. Dette er ment som et virkemiddel til å sette arbeidet med internkontrollen på dagsordenen lokalt. Kravet innebærer at det skal gjøres rede for både iverksatte tiltak og planlagte tiltak for å sikre betryggende kontroll.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

3. Endringer i hvitvaskingsloven – egenkontroll

Rapporteringsplikt for regnskapsrevisor

Den som er ansvarlig for revisjon av regnskapet for kommune eller kommunalt foretak får rapporteringsplikt etter hvitvaskingsloven. Denne plikten etableres ved at disse tas inn i oppramsingen over rapporteringspliktige etter hvitvaskingsloven § 4 andre ledd nr. 1. Plikten innebærer å undersøke og eventuelt rapportere dersom revisor har mistanke om at en transaksjon er knyttet til hvitvasking eller terrorfinansiering.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

4. Endringer i kommuneloven – kommunale foretak

4.1 Åpne styremøter

Kommuneloven § 68 nr. 5 om at styrets møter holdes for lukkede dører dersom ikke kommunestyret har bestemt noe annet i vedtektene, blir opphevet. Det innebærer at den alminnelige bestemmelsen om møteoffentlighet i § 31 også vil gjelde for styremøtene. Etter lovendringen vil derfor hovedregelen være at styremøtene skal være åpne. Lovendringen skjer på bakgrunn av at det ikke synes å være behov for en så vid adgang til å lukke møtene. Det er også departementets vurdering at åpenhet i kommuner, som foretakene er en del av, er med på å skape tillit til kommunal virksomhet og å styrke lokaldemokratiet.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

4.2 Daglig leders internkontrollansvar

Det er foretatt en presisering i kommuneloven § 71 nr. 2, som regulerer daglig leders internkontrollansvar. Det bør ikke være noen tvil om at daglig leder har et helhetlig internkontrollansvar. Ordlyden er derfor endret for at bestemmelsen skal speile det reelle innholdet i internkontrollansvaret. Bestemmelsen får derfor en utforming etter mønster av kommuneloven § 23 nr. 2, som regulerer administrasjonssjefens internkontrollansvar.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

5. Endringer i kommuneloven – økonomi

Avdrag på likviditetslån og trekkrettigheter

Kommuneloven § 50 nr. 7 bokstav b regulerer oppgjør av likviditetslån og trekkrettigheter. Bestemmelsen blir nå opphevet, fordi den anses som overflødig i det regelverket som kommunesektoren er underlagt i dag, og at dette bør stå uregulert.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

6. Endringer i inndelingsloven

Sammensetningen av fellesnemnda

Det er foretatt endringer inndelingsloven § 26 første ledd. Etter lovendringen er det ikke lengre et krav om at fellesnemnda *skal* speile av innbyggertallet i de enkelte kommunene, loven sier nå at den *bør* speile av innbyggertallet. I tillegg er minimumstallet på antall medlemmer fra hver kommune redusert fra fem til tre.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Erland Aamodt
seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent, og sendes uten signatur

SM 37-13

Saksgang
Bystyret

Møtedato
25.06.2013

Saksnr
119/13

Sakshandsamar:
Bengt Solheim-Olsen

Arkiv: K1-033
Objekt:

Arkivsaknr
11/1449

OMORGANISERING AV HELSE- OG SOSIALUTVALET I FLORA KOMMUNE

Kva saka gjeld:

Det vert vist til Kontrollutvalsak 045/13 om melding av kritikkverdige forhold og bystyret blir oppmoda om å omorganisere Helse- og sosialutvalet (HSU) ved å endre samansettinga av medlemmer.

Omorganiseringa skjer med heimel i Kommunelova § 10 nr.6.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Helse- og sosialutvalet vert omorganisert og får endra samansetting.
2. Noverande medlemmer og varamedlemmer i HSU vert fristilt frå verva sine.
3. Som nye medlemmer og varamedlemmer vert følgjande vald:

.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....

4. Som leiar vert.....vald
5. Som nestleiar vertvald

FLORA
KOMMUNE



Bystyret

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 25.06.2013 **Møtetid:** Kl. 15:30 – 19:15

Møtestad: Flora Samfunnshus **Saksnr.:** 119/13 - 119/13

Parti: Desse møtte

H: Bengt Solheim-Olsen, Hanne Husabø Kristensen, Jacob Nødseth, Bjørn Hollevik, Vidar Grønnevik, Tore Jakob Madsen, Trine Merete Hovland, Nina Eren Liseth, Hallgeir Helland, Odd Husebø, Anita Solheim Steinset.

Ap: Bente Frøyen Steindal, Anders Ola Sunnarvik, Åge Larsen, Oscar Bergheim, Ola Teigen, Katrine Dale, Anne Lise Midtbø, Malene Indrebø-Langlo, Karianne Torvanger, Jarle Storevik, Solbjørg Tonheim, Gunnvar Seljeseth.

Uavh: Hilmar Eliasson.

V: Jan Henrik Nygård, Jan Arve Midtbø, Odd Bovim, Halvor Halvorsen.

Frp: Frank Willy Djuvik, Bjarne Holme.

Krf: Gustav Johan Nydal.

Sp: Ole Christian Rynning.

Sv: Bente Nilsen.

Kontrollutvalet møtte også med følgjande repr.: Ingvar T. Myrvollen (nestleiar), Eva Richter, Bjørg Mikalsen og sekretær Asgeir Tveit.

Parti: Forfall

H: Arlene Vågene, Fredrik Helland.

Ap: Solveig Willis, Mathias Stang, Ann Kristin Takle Winterthun.
Ungdommens bystyre

Ugilde

V: Odd Bovim.

Sak Følgjande varamedl. møtte

119/13 Ronny Cassels.

Møteleiar: Ordfører Bengt Solheim-Olsen.

Merknad til innk.: Repr. Frank Willy Djuvik kom med framlegg om at bystyret ikkje skulle godkjenne sakliste og innkalling. Det vart røysta over framlegget til Djuvik. Det fall mot 6 røyster.

Godkj. saklista: Godkjent.

Frå adm. møte: Rådmann Terje Heggheim, kommunalsjef Norunn Stavø, kommunalsjef Guri Langaas, kommunalsjef Linda Nipen Asphjell, revisor Terje Førde, informasjonsleiar Møyfrid Ellingsund, controller Berit Seljeseth Osa, utviklingssjef Anders Moen, møtesekretær Arne Schei.

Utlevert i møtet:

Orientering:

Sp.mål/interpell.:

Synfaring:

Ymse:

Repr. Odd Bovim ba innleiingsvis om ei habilitetsvurdering sidan han er advokaten til ein part i bystyresak 088/13.

Røysting:

Odd Bovim vart erklært ugild mot 10 røyster.

Det vart også lagt fram følgjande utsettingsforslag frå repr. Halvor Halvorsen:

"Bystyret utsetter saken, og ber Rådmannen evt komme tilbake til bystyret etter forhandling mellom partene. Utført etter gjeldene regelverk i slike personalsaker. Bystyret har tillit til at rådmannen påser at de ansatte har et trygt og godt arbeidsmiljø.

Røysting:

Framlegget fall mot 8 røyster.

Det vart så ordskifte fram til kl. 18.17, og gruppemøte som varte til kl. 19.00.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
119/13	OMORGANISERING AV HELSE- OG SOSIALUTVALET I FLORA KOMMUNE

119/13: OMORGANISERING AV HELSE- OG SOSIALUTVALET I FLORA KOMMUNE

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

6. Helse- og sosialutvalet vert omorganisert og får endra samansetting.
7. Noverande medlemmer og varamedlemmer i HSU vert fristilt frå verva sine.
8. Som nye medlemmer og varamedlemmer vert følgjande vald:

.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....

9. Som leiar vert.....vald
10. Som nestleiar vertvald

25.06.2013 BYSTYRET

Framlegg:

Det vart sett fram følgjande framlegg til nytt punkt nr. 3 frå repr. Bente Nilsen:
"Flora Bystyre delegerer oppgåvene som HSU har etter møte og delegasjonsreglementet til Formannskapet inntil vidare."

Røysting:

Det vart ikkje røysta over dette framlegget

Framlegg:

Etter gruppemøtet vart det lagt fram følgjande framlegg til vedtak frå repr. Halvor Halvorsen:

- "1. Helse- og sosialutvalet vert mellombels lagt ned.
2. Noverande medlemmer og varamedlemmer i HSU vert fristilt frå verva sine.
3. HSU sitt ansvar etter møte- og delegeringsreglementet blir overført formannskap."

Røysting:

Det vart røysta over framlegget til Halvor Halvorsen som vart vedteke mot 5 røyster (representantane Hilmar Eliasson, Frank Willy Djuvik, Bjarne Holme, Anita Solheim Steinseth og Jacob Nødseth stemte imot).

BYST-119/13 VEDTAK:

1. Helse- og sosialutvalet vert mellombels lagt ned.
2. Noverande medlemmer og varamedlemmer i HSU vert fristilt frå verva sine.
- . HSU sitt ansvar etter møte- og delegeringsreglementet blir overført formannskap.

Bengt Solheim-Olsen

ordfører

Vurdering:

Det er mogleg å gjennomføre omorganiseringa av utvalet ved å omorganisere/endre samansettinga, jf.KL § 10 nr.6.

I kommentarutgåva til kommunelova peikar Bernt og Overå på at ei slik omorganisering skil seg frå vanlege suppleringsval og at ei utskifting av medlemmer då må skje ved at utvalet må veljast på nytt under eitt.

Prenta vedlegg:

- Kontrollutvalsak 045/13
- Skriv frå Kontrollutvalet datert 06.06.2013
- Notat frå Jacob Nødseth datert 04.06.2013
- Notat frå Rådmannen datert 11.06.2013
- Brev frå Verneombod for tilsette på rådhuset ,datert 19.06.2013 – vert delt ut i møtet
- Brev frå Sjukepleieforbundet ,datert 21.06.2013 – vert delt ut i møtet

Saksgang	Møtedato	Saksnr
Bystyret	13.06.2013	066/13
Bystyret	18.06.2013	098/13

Sakshandsamar: Terje Heggheim	Arkiv: K1-216 Objekt:	Arkivsaknr 13/708
---	--	-----------------------------

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2013 - 2016

Kva saka gjeld:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon som skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Denne planen vert lagt fram for seint i forhold til fristen som var 31.12. 2012.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Plan for forvaltningsrevisjon for Flora kommune 2013-2016 vert godkjend.
2. Følgjande prioritering av prosjekt vert lagt til grunn:
 - a) Innkjøpsrutinar. Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Flora kommune er delaktig i.
 - b) Sakshandsaming, vedtak og svargjeving.
 - c) Vurdering av IKT-samarbeid.
 - d) Vurder bemanning og ressursbruken på ulike tenesteområde.
3. Flora bystyre gir kontrollutvalet fullmakt til å legge til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

13.06.2013 BYSTYRET

BYST-066/13 VEDTAK:

Utsett til nytt møte i neste veke.

18.06.2013 BYSTYRET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-098/13 VEDTAK:

1. Plan for forvaltningsrevisjon for Flora kommune 2013-2016 vert godkjend.
2. Følgjande prioritering av prosjekt vert lagt til grunn:
 - a. Innkjøpsrutinar. Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Flora kommune er delaktig i.
 - b. Sakshandsaming, vedtak og svargjeving.
 - c. Vurdering av IKT-samarbeid.
 - d. Vurder bemanning og ressursbruken på ulike tenesteområde.
3. Flora bystyre gir kontrollutvalet fullmakt til å legge til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Terje Heggheim
rådmann

Vurdering:

Rådmannen tok del i møter med revisjonen og kontrollutvalet i forkant av utvalet sitt vedtak og tilråding til bystyret. Rådmannen har difor ikkje anna tilnærming til dette enn det som kjem fram av vedlagte dokumentasjon.

Overordna analyse, Grunnlagsmateriale for Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt er ein oversiktleg og nyttig gjennomgang av den kommunale organisasjonen. Tematisk tar den for seg blant anna politisk og administrativ organisering, risiko, rammeverk for kommunal styring, produktivitet, oppfølging av vedtak, økonomistyring og måloppnåing.

Analysen peiker på dei fire prioriterte områda ovanfor som tematiske fokusområde i forvaltningsrevisjonen. Rådmannen ser positivt på at kontrollutvalet ønskjer å prioritere desse områda og vil bidra til at kontrollutvalet får eit så godt grunnlag som mogeleg for sitt arbeid.

Prenta vedlegg:

Overordna analyse – grunnlagsmateriale for plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Sak 017/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2013 Flora kommune.

Saksgang	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.05.2013	045/13
Bystyret	13.06.2013	081/13
Bystyret	18.06.2013	112/13

Sakshandsamar: Ruth Svortevik Sunde	Arkiv: K1-210 Objekt:	Arkivsaknr 13/878
---	--	-----------------------------

FLORA HAMN KF - REKNESKAP 2012

Kva saka gjeld:

Rekneskap 2012 for Flora hamn KF er avlagt og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk. Etter kommunelova §48 nr. 3 og etter §16 i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale føretak skal årsregnskap med revisjonsberetning etter innstilling frå formannskap vedtakast i bystyret. Vedtaket må angi bruk av årsoverskot eller dekning av årunderskot.

Revisjonsrapport skal leggst fram for kontrollutvalet. Kontrollutvalet har komme med sin uttale i sak 023/13.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsmelding og årsregnskap 2012 for Flora hamn KF slik det ligg føre med eit rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 1 400 155,26. Summen vert avsett til disposisjonsfond.
2. Kr 1 432 000,00 avsett til disposisjonsfond og kr 979,00 avsett til bunde fond vert godkjent.
3. Udekkja i investeringsrekneskapen kr 157 599,00 vert dekkja av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk. Prosjekta dette gjeld er fylling Fugleskjerskaia vest, utdjuping Fugleskjerskaia aust, ny pullert Gunhildvågen hamneterminal og fylling i sjø Hestnes aust.

28.05.2013 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-045/13 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsmelding og årsregnskap 2012 for Flora hamn KF slik det ligg føre med eit rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 1 400 155,26. Summen vert avsett til disposisjonsfond.
2. Kr 1 432 000,00 avsett til disposisjonsfond og kr 979,00 avsett til bunde fond vert godkjent.
3. Udekka i investeringsrekneskapan kr 157 599,00 vert dekkja av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk. Prosjekta dette gjeld er fylling Fugleskjerskaia vest, utdjuping Fugleskjerskaia aust, ny pullert Gunhildvågen hamneterminal og fylling i sjø Hestnes aust.

13.06.2013 BYSTYRET

BYST-081/13 VEDTAK:

Utsett til nytt møte i neste veke.

18.06.2013 BYSTYRET

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

BYST-112/13 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsmelding og årsregnskap 2012 for Flora hamn KF slik det ligg føre med eit rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 1 400 155,26. Summen vert avsett til disposisjonsfond.
2. Kr 1 432 000,00 avsett til disposisjonsfond og kr 979,00 avsett til bunde fond vert godkjent.
3. Udekka i investeringsrekneskapan kr 157 599,00 vert dekkja av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk. Prosjekta dette gjeld er fylling Fugleskjerskaia vest, utdjuping Fugleskjerskaia aust, ny pullert Gunhildvågen hamneterminal og fylling i sjø Hestnes aust.

Terje Heggheim
Rådmann

Ruth Svortevik Sunde
rekneskapsjef

Innleiing:

Det ligg føre rekneskap og årsmelding frå Flora hamn KF pr. 31.12.2012. Revisor har lagt fram revisjonsberetning datert 08.april 2013 med ei presisering.

Kontrollutvalet viser i sin uttale til bystyre i sak 023/13 til revisjonsmelding datert 08.04.2013. "Med presiseringa til revisor vurderer kontrollutvalet det slik at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre"

Styret i Flora hamn FK har i sak 016/13 gjort slikt vedtak:

1. Styret i Flora hamn KF godkjenner og tilrår at bystyret fastset og godkjenner årsmelding og årsregnskap 2012 for Flora hamn KF slik det ligg føre med eit samla regnskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 1 400 155,26 som er tillagd eigenkapitalen.
2. Kr 1 432 000 avsett til disposisjonsfond og kr 979,00 avsett til bunde fond vert godkjent.
3. I investeringsregnskapet er det overført kr 1 050 000 frå stat, kr 4 142 frå kommune, brukt av lån kr 1 442 662,40 og nytta kr 3 038 224,34 av eigenkapital.
4. Regnskapsmessig meirforbruk kr 157 599,00 i investeringsregnskapet vert dekkja ved bruk av tidlegare års udisponert. Prosjekta dette gjeld er fylling Fugleskjerskaia vest, utdjuving Fugleskjerskaia aust, ny pullert Gunhildvågen hamneterminal og fylling i sjø Hestnes aust.

Vurdering:

Rekneskapet viser eit netto driftsresultat **inklusiv** Alden hamneområde på kr 4 424 931,33. Mindreforbruk(overskot) kr 1 591 797,07 i Alden er avsett til bunde fond. Det er i samsvar med budsjett avsett til disposisjonsfond kr 1 432 000. Driftsregnskapet viser eit reknskapsmessig mindreforbruk(overskot) på kr 1 400 155,26 som er tillagt eigenkapitalen.

Langsiktig lånegjeld har minka med 1,381 mill. kr.

Investeringsregnskapet til Flora hamn KF viser samla utgifter 5,692 mill kr mot budsjettet 42,25 mill kr. Ved årsskiftet var unytta lånemidlar 5,925 mill kr medan investeringsrekneskapen viser udekkja beløp med 0,158 mill kr.

Revisor har presisert dette i si revisjonsmelding.

Planlagt låneopptak 28,5 mill. kr i 2012 er ikkje tatt opp, men budsjettet om igjen i 2013. Hamnestyret tilrår at udekkja i investeringsrekneskapen 0,158 mill kr vert dekkja av tidlegare års reknskapsmessige mindreforbruk.

Akkumulert reknskapsmessig mindreforbruk(overskot) utgjer pr 31.12.2012 kr 9,260 mill og udisponert i investeringsrekneskapen kr 0,833 mill.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**Prenta vedlegg:**

Årsrekneskap/årsmelding
Erklæring rekneskap Flora hamn FK
Hamnestyresak 016/13
Revisjonsberetning
Sekom-sektrariat sak 023/13

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	15.02.2013	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	ERKLÆRING REKNESKAP 2012 FLORA HAMN KF	
2	I	22.04.2013	SEKOM-sekretariat	Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2012 - Flora Hamn KF	



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.05.2013	044/13
Bystyret	13.06.2013	083/13
Bystyret	18.06.2013	114/13

Sakshandsamar:
Ruth Svortevik Sunde

Arkiv: K1-210
Objekt:

Arkivsaknr
13/883

FLORA KJØKKENSERVICE KF - ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP 2012

Kva saka gjeld:

Rekneskapen for Flora Kjøkkenservice KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk. Etter kommunelova §48 nr. 3 og §16 i forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale føretak skal årsrekneskap, årsmelding og revisjonsberetning, etter innstilling frå formannskap vedtakast av bystyret. Vedtaket må angi bruk av årsoverskot eller dekning av årunderskot.

Revisjonsrapport skal leggest fram for kontrollutvalet. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 12.04.2013 og har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Flora Kjøkkenservice KF slik den ligg føre
2. Overføring frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen kr 191 282,34 vert godkjent.
3. Akkumulert udekket i investeringsrekneskapen kr 246 911,19 vert dekket av nytt låneopptak. Kapitalutgiftene ved låneopptaket vert dekket av føretaket.

28.05.2013 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-044/13 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Flora Kjøkkenservice KF slik den ligg føre
2. Overføring frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen kr 191 282,34 vert godkjent.
3. Akkumulert udekka i investeringsrekneskapen kr 246 911,19 vert dekkja av nytt låneopptak. Kapitalutgiftene ved låneopptaket vert dekkja av føretaket.

13.06.2013 BYSTYRET

BYST-083/13 VEDTAK:

Utsett til nytt møte i neste veke.

18.06.2013 BYSTYRET

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

BYST-114/13 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Flora Kjøkkenservice KF slik den ligg føre
2. Overføring frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen kr 191 282,34 vert godkjent.
3. Akkumulert udekka i investeringsrekneskapen kr 246 911,19 vert dekkja av nytt låneopptak. Kapitalutgiftene ved låneopptaket vert dekkja av føretaket.

Terje Heggheim
rådmann

Ruth Svortevik Sunde
rekneskapsjef

Innleiing:

Det ligg føre rekneskap og årsmelding for Flora Kjøkkenservice KF pr 31.12.2012. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 12.04.2013. Kontrollutvalet har gjeve si tilråding i sak 025/13

Vurdering:

Rekneskapen for 2012 viser eit netto driftsresultat på kr 191 282,34 mot budsjettert kr 25 000,-. Summen er overført investeringsrekneskapen til dekning av tidlegare års meirforbruk.

Akkumulert udekka i investeringsrekneskapen utgjer pr 31.12.2012 kr 246 911,19. Dette er investeringar i inventar og utstyr i perioden 2010 og 2011 som var tenkt dekket av driftsinntekten. I 2013 er det budsjettert med eit driftsoverskot på kr 47 000 som ikkje vil dekke akkumulert meirforbruk. Rådmannen rår til at Flora Kjøkkenservice KF søker om å få ta opp lån til dekning av akkumulert udekka sum i investeringsrekneskapen. Føretaket må sjølv dekke kapitalutgiftene ved lånet.

Økonomiske konsekvensar:**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:****Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	20.02.2013	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	ERKLÆRING REKNESKAP 2012 FLORA KJØKKENSERVICE KF	
2	I	12.04.2013	SEKOM-sekretariat	025/13 Årsrekneskapen 2012 - Flora Kjøkkenservice KF	
5	I	12.04.2013	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsberetning Flora kjøkkenservice KF - årsmelding og årsrekneskap 2012	
3	I	22.04.2013	SEKOM-sekretariat	Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2012 for Flora Kjøkkenservice KF	



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.05.2013	043/13
Bystyret	13.06.2013	084/13
Bystyret	18.06.2013	115/13

Sakshandsamar:
Ruth Svortevik Sunde

Arkiv: K1-210
Objekt:

Arkivsaknr
13/735

KF INNVANDRARSENTERET I FLORA - ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2012

Kva saka gjeld:

Rekneskapan for KF Innvandrarsenteret i Flora er avlagt og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk. Etter kommunelova §48 nr.3 og §16 i forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale føretak skal årsrekneskap, årsmelding og revisjonsberetning, etter innstilling frå formannskap vedtakast i bystyret. Vedtaket må angi bruk av overskot eller dekning av underskot. Revisjonsrapportar skal leggst fram for kontrollutval. Kontrollutvalet har gitt sin uttale til bystyret i sak 024/13.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for KF Innvandrarsenteret i Flora slik det ligg føre med eit rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 1 775 628,42.
2. Mindreforbruket vert avsett til disposisjonsfond

28.05.2013 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-043/13 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for KF Innvandrarsenteret i Flora slik det ligg føre med eit rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 1 775 628,42.
2. Mindreforbruket vert avsett til disposisjonsfond

13.06.2013 BYSTYRET

BYST-084/13 VEDTAK:

Utsett til nytt møte i neste veke

18.06.2013 BYSTYRET

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

BYST-115/13 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for KF Innvandrarsenteret i Flora slik det ligg føre med eit rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 1 775 628,42.
2. Mindreforbruket vert avsett til disposisjonsfond som sttret får disponere.

Terje Heggheim
rådmann

Ruth Svortevik Sunde
rekneskapssjef

Innleing:

Det ligg føre rekneskap og årsmelding for KF Innvandrarsenteret i Flora pr 31.12.12. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 18. mars 2013.

Kontrollutvalet har komme med slik uttale til bystyret i sak 24/13: "Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 18.03.2013.

- Kontrollutvalet vurderer det slik at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.
- Kontrollutvalet viser til årsmelding og rekneskap og orientering frå dagleg leiar for Innvandrarsenteret KF. Kontrollutvalet viser til bekymringar omkring manglande integrering og auka utgifter til sosialhjelp som framkjem i årsmeldinga. Kontrollutvalet ber bystyret følgje opp tidlegare vedtak om integrering, og at Flora kommune som organisasjon må gjere sitt til at innvandrarak blir integrert i Florasamfunnet"

Vurdering:

Styret har i sak 03/13 gjort slikt vedtak om årsrekneskap og årsmelding 2012:

"Styret meinte at paviljongane på Solbakken bør pussast skikkeleg opp innvendig, og det blei diskutert korleis overskotet for 2012 kunne brukast i så måte. Dette vil vi komme tilbake til i neste styremøte, som er 28.mai, slik at bystyret kan informerast før dei skal bestemme korleis årsresultatet for 2012 skal disponerast.

Vedtak:

1. Rekneskap og årsmelding 2012 for KF Innvandrarsenteret i Flora blir godkjent slik det ligg føre
2. Styret rår til at det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr 1 775 628,42 blir sett av som unytta overskot.
3. Rekneskap og årsmelding blir oversendt kontrollutval, formannskap og bystyre for endeleg godkjenning."

Rekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat kr 258 954,53. Etter interne finanstransaksjonar viser rekneskapen eit rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) på kr 1 775 628,42 som er tillagd eigenkapitalen.

Akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk utgjer kr 1 937 502,92.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	15.02.2013	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	ERKLÆRING REKNESKAP 2012 KF INNVANDRARSENERET I FLORA	
2	I	31.03.2013	KF Innvandrarsenteret i Flora	Årsmelding og rekneskap 2102	
3	I	22.04.2013	SEKOM-sekretariat	Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2012 - Innvandrarsenteret i Flora KF	

SM 42-13



FLORA
KOMMUNE

Saksgang	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.05.2013	042/13
Bystyret	13.06.2013	085/13
Bystyret	18.06.2013	116/13

Sakshandsamar:
Ruth Svortevik Sunde

Arkiv: K1-210, K2-H30 **Arkivsaknr**
Objekt: 10/385

REKNESKAP FOR ALLHUSET EIKEFJORD 2012

Kva saka gjeld:

Særrekneskapen for Allhuset Eikefjord er avlagt og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

Allhuset Eikefjord er organisert etter §11 i Kommunelova med eige styre. Etter Møte- og delegasjonsreglementet for Flora kommune, kap. 23 skal styret komme med tilråding til bystyret om årsbudsjett. Rekneskapen skal presenterast på same nivå som budsjettet.

Styret for Allhuset Eikefjord har handsama årsmelding og særrekneskap for 2012.

Revisjonsrapportar skal leggest fram for kontrollutval. Kontrollutvalet har i sak 032/13 gjeve fråsegn til Bystyret:

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Flora bystyre fastset og godkjenner årsmelding og særrekneskap for Allhuset Eikefjord slik den ligg føre med eitt rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 36 767,47 som er avsett til fond.

28.05.2013 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-042/13 VEDTAK:

Flora bystyre fastset og godkjenner årsmelding og særrekneskap for Allhuset Eikefjord slik den ligg føre med eitt rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 36 767,47 som er avsett til fond.

13.06.2013 BYSTYRET

BYST-085/13 VEDTAK:

Utsett til nytt møte i neste veke

18.06.2013 BYSTYRET

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

BYST-116/13 VEDTAK:

Flora bystyre fastset og godkjenner årsmelding og særrekneskap for Allhuset Eikefjord slik den ligg føre med eitt rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 36 767,47 som er avsett til fond.

Terje Heggheim
rådmann

Ruth Svortevik Sunde
rekneskapsjef

Innleiing/vurdering:

Det ligg føre særrekningsrapport og årsmelding for Allhuset Eikefjord som er eit driftsselskap for bygget Allhuset. I bystyresak 014/12 vart det gjort slikt vedtak: "Allhuset i Eikefjord vert drive vidare etter § 11 i kommunelova, med eige styre, eige budsjett og dagleg leiar i 15 % stilling som fast ordning" Rekneskapen for Allhuset Eikefjord inngår derfor i Flora kommune sin rekneskap på eige tenesteområde. Tenesta hadde eit rammebudsjett på kr 140 000 og forbruk på kr 139 655,24 som er løn og sosiale kostnader til dagleg leiar. Drifta av Allhuset Eikefjord hadde eit mindreforbruk i 2012, kr 36 767,47 som er avsett til fond.

I møtet 6. mars 2013 handsama styret for Allhuset Eikefjord årsmelding og rekneskap for 2012. I sak 2 og 3/2013 vart det gjort slikt vedtak:

1. Årsmelding og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre
2. Overskotet vert sett på fond til seinare bruk.

Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 15.04.2013 der det kjem til uttrykk at årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit dekkande framstilling av resultatet for 2012 og at årsmelding er konsistente med særrekningsrapport. Kontrollutvalet si fråsegn til bystyret i sak 032/13:

"- Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 15.04.2013.

- Kontrollutvalet vurderer det slik at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre"

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	17.02.2010	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Erklæring - Allhuset Eikefjord sitt rekneskap for 2009	
2	I	10.03.2010	Kryssrevisjon	Revisjonsberetning Allhuset Eikefjord 2009	
3	I	26.03.2010	Sekom-sekretariat v/Vidar Øvrebø	016/10 Årsrekneskapen 2009 - Allhuset i Eikefjord	
5	U	08.04.2011	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Rekneskap for Allhuset Eikefjord 2010	
6	I	27.04.2011	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsberetning - Uttale om årsrekneskapen	
8	I	21.05.2011	SEKOM-sekretariat	Kontrollutvalsak 47/11 Årsrekneskapen 2010 - Allhuset i Eikefjord	
9	U	20.02.2012	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Erklæring - Rekneskap for Allhuset Eikefjord 2011	
10	I	09.03.2012	Randi Holsen Solheim	Styrevedtak Allhusstyret- Rekneskap 2011	
11	I	11.04.2012	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsberetning Allhuset Eikefjord 2011	
14	U	20.02.2013	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	ERKLÆRING - REKNESKAP FOR ALLHUSET EIKEFJORD 2012	

15	I	16.04.2013	KRYSS Revisjon	Rekneskap Allhuset 2012 m/revisjonsberetning, årsmelding og styrevedtak
17	I	14.05.2013	SEKOM-sekretariat	Sak 032/13 - Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Allhuset i Eikefjord

Saksgang	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.05.2013	047/13
Bystyret	13.06.2013	086/13
Bystyret	18.06.2013	117/13

Sakshandsamar:
Linda Nipen Asphjell

Arkiv: K1-210
Objekt:

Arkivsaknr
13/743

ÅRSREKNESKAP OG ÅRSRAPPORT 2012 - FLORA KOMMUNE

Kva saka gjeld:

Årsrapporten er saman med årsrekneskapen et av dei viktigaste styringsdokumenta både i høve til kommunen som organisasjon og som tenesteytar. Rekneskapen for Flora kommune er avlagt og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk. Etter kommunelova § 48 nr 3 skal årsrekneskapen, etter innstilling frå formannskap, vedtakast i bystyret. Revisjonsmelding skal leggast fram for kontrollutval. Rekneskap og årsrapport vert difor lagt fram for handsaming i formannskap og bystyret. Kontrollutvalet tilrår i sak 031/13 at rekneskapen, med presiseringar og atterhald frå revisor, vert godkjend slik den ligg føre. Fråsegn frå Kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Flora kommune ligg ved.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Flora bystyre godkjenner årsrapporten for 2012.
2. Flora bystyre fastsett og godkjenner årsrekneskapen for 2012 med dei avvik som er mellom budsjett og rekneskap både på inntektssida og utgiftssida.
3. Flora bystyre vedtar inndekking av tidlegare års underskot på kr 15 950 806,90.
4. Flora bystyre vedtar at overskotet på kr 3 121 829,79 vert sett av til et bufferfond. Bufferfondet skal vere ein økonomisk buffer ved uførutsette hendingar. Dersom ein må nytte midlar frå bufferfondet skal fondet byggjast opp att så snart som mogleg. Renteinntekter frå tilhøyrande bankinnskott skal tilførast bufferfondet.
5. Flora bystyre vedtar å sette av kr 1 998 257,- til ubunde investeringsfond.
6. Flora bystyre tek kontrollutvalet sin fråsegn til vitande.

28.05.2013 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-047/13 VEDTAK:

1. Flora bystyre godkjenner årsrapporten for 2012.
2. Flora bystyre fastsett og godkjenner årsrekneskapen for 2012 med dei avvik som er mellom budsjett og rekneskap både på inntektssida og utgiftssida.
3. Flora bystyre vedtar inndekking av tidlegare års underskot på kr 15 950 806,90.
4. Flora bystyre vedtar at overskotet på kr 3 121 829,79 vert sett av til et bufferfond. Bufferfondet skal vere ein økonomisk buffer ved uførutsette hendingar. Dersom ein må nytte midlar frå bufferfondet skal fondet byggjast opp att så snart som mogleg. Renteinntekter frå tilhøyrande bankinnskot skal tilførast bufferfondet.
5. Flora bystyre vedtar å sette av kr 1 998 257,- til ubunde investeringsfond.
6. Flora bystyre tek kontrollutvalet sin fråsegn til vitande.

13.06.2013 BYSTYRET

BYST-086/13 VEDTAK:

Utsett til nytt møte i neste veke

18.06.2013 BYSTYRET

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Vidar Grønnevik,H:

Nytt pkt.7:

Rådmannen vert bedt om å førebu ei sak knytt til handtering av premieavvik og dei forpliktingane dette medfører for Flora kommune.

Saka må leggest fram før budsjettet for 2014.

Røysting:

Tilrådinga og framlegget frå Grønnevik vart samrøystes vedtekne.

BYST-117/13 VEDTAK:

1. Flora bystyre godkjenner årsrapporten for 2012.
2. Flora bystyre fastsett og godkjenner årsrekneskapen for 2012 med dei avvik som er mellom budsjett og rekneskap både på inntektssida og utgiftssida.
3. Flora bystyre vedtar inndekking av tidlegare års underskot på kr 15 950 806,90.
4. Flora bystyre vedtar at overskotet på kr 3 121 829,79 vert sett av til et bufferfond. Bufferfondet skal vere ein økonomisk buffer ved uførutsette hendingar. Dersom ein må nytte midlar frå bufferfondet skal fondet byggjast opp att så snart som mogleg. Renteinntekter frå tilhøyrande bankinnskot skal tilførast bufferfondet.
5. Flora bystyre vedtar å sette av kr 1 998 257,- til ubunde investeringsfond.
6. Flora bystyre tek kontrollutvalet sin fråsegn til vitande.
7. Rådmannen vert bedt om å førebu ei sak knytt til handtering av premieavvik og dei forpliktingane dette medfører for Flora kommune. Saka må leggest fram før budsjettet for 2014.

Terje Heggheim
rådmann

Linda Nipen Asphjell
kommunalsjef økonomi

Innleiing:

Det ligg føre årsrapport og årsrekneskap for Flora kommune for 2012. Årsrapporten inngår i det samla plan- og styringssystemet, og er et viktig styringsdokument for å sjå om ein har nådd dei måla som vart sette i budsjett- og handlingsprogrammet, årsak til avvik og eventuelt grunnlag for justering ved neste budsjett- og handlingsprogram. Et slikt dynamisk plansystem gjer det mogleg å tilpasse tenesteproduksjonen i kvalitet og kvantitet i høve til endringar i rammevilkår og behov. Årsrapport 2012 korresponderer såleis med budsjett- og handlingsprogram for 2012. Årsrapporten vart sendt ut til formannskap og bystyre i samband med strategikonferansen den 08.- 09.04.13. Etter reglane fastsett i kommunelova og forskrifter skal årsrekneskapen etter innstilling frå formannskapet vedtakast i bystyret. Revisjonsmeldinga skal leggast fram for kontrollutval, som handsamar rekneskap og årsrapport, og gjev fråsegn til formannskap og bystyre. Årsrekneskap 2012 inneheld revisjonsmelding av 15.04.13, erklæring, hovudoversikter og noteopplysningar. Kontrollutvalet har gjeve fråsegn i sak 031/13.

Vurdering:

Hovudkonklusjonane i årsrapporten kan uttrykkast slik:

- Årsresultatet kom ut med et overskot i drift på kr 19 072 636,64 før dekking av tidlegare års underskot på kr 15 950 806,90.
- Driftsoverskot etter dekking av tidlegare års underskot vart kr 3 121 829,74.
- Kostnader knytt til lånegjelda slår negativt ut, og er et risikoelement for Flora kommune.

Hovudpunkt i årsrekneskapen er:

- Driftsrekneskapen er gjort opp med et brutto driftsresultat på 53,303 mill kr mot budsjettert 38,131 mill kr, og et netto driftsresultat på 30,108 mill kr mot budsjettert 14,326 mill kr
- Det er brukt bundne fondsmidler i driftsrekneskapen på 2,497 mill kr. Det er overført 4,114 mill kr til investeringsforemål, og avsett 9,418 mill kr til bundne driftsfond
- Tidlegare års underskot på 15,951 mill kr er dekt inn
- Driftsrekneskapen viser et resultat på 3,122 mill kr
- Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse i 2012
- Det er sett av 1,998 mill kr til ubunde investeringsfond
- Investeringsutgiftene utgjør 99,974 mill kr og inntektene 15,338 mill kr
- Bokført brutto lånegjeld er auka med 87 mill kr frå 985 mill kr pr. 31.12.2011 til 1 072 mill kr pr. 31.12.2012.
- Oppsamla balanseført premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift utgjør 57 mill kr pr. 31.12.2012 mot 38,5 mill kr pr. 31.12.2011.

Revisor har kome med 1 atterhald og 2 presiseringar i si revisjonsberetning:

Atterhald frå revisor gjeld avvik mellom budsjetterte inntekter og utgifter:

"Lov om kommuner og fylkeskommuner §§ 46 og 47, omhandlar årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad. I denne samanheng viser vi til dei registrerte avvika som går fram av økonomiske oversikter for drift og investering. Rådmannen har gjort greie for budsjettavvik i årsrapporten for 2012."

Avvik mellom budsjett og rekneskap er kommentert i årsrapporten kap. 3.6-3.8. Viser også til rekneskapsnote 20 Økonomisk oversikt drift pr. teneste.

Revisor sin første presisering omhandlar rutinar kring berekning av tilskot til private barnehagar:

"Rutinar kring berekningsgrunnlaget for tilskot til private barnehagar bør undergjevast særskilde vurderingar med fokus på kvalitetssikring av interne rutinar på saksområdet."

Rådmannen har i løpet av våren 2013 gjennomført endringar i dei interne rutinane for berekning av tilskot til private barnehagar. Hovudansvaret for berekningane ligg no til økonomiavdelinga, som

har best grunnlag for å rekne ut tilskota i tråd med nytt regelverk og ny vegleiar. Tilskota til dei private barnehagane skal gå eksplisitt fram av neste Budsjett- og handlingsprogram.

Revisor sin andre presisering gjeld bokført inndekking av akkumulert underskot frå tidlegare år: "*I årsrekneskapen er det bokført ei inndekking av udekkja underskot frå tidlegare år med 15,95 mill. kr., medan det i revidert budsjett for 2012 var budsjettert med ei inndekking på 8,951 mill. kr.*"

Det er opp til Flora bystyre å vedta ei inndekking som er høgare enn budsjettert inndekking. Flora bystyre kan vedta ei lågare inndekking enn kva som er lagt til grunn i avlagt årsrekneskap. Full inndekking over rekneskapen for 2012 er et vilkår for at kommunen vert meldt ut at ROBEK-registeret i juni/juli 2013.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Lov om kommuner og fylkeskommuner

Forskrift om årsrekneskap og årsberetning (for kommune og fylkeskommuner)

Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)

KRS – Kommunale rekneskapsstandardar

Prenta/uprenta vedlegg:

- | | |
|---|--|
| • Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Innsending av rekneskap 2012 |
| • SEKOM-sekretariatet | Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2012 for Flora kommune, sak 031/13 |
| • Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord | Revisjonsmelding 2012 |
| • Erklæring – Flora kommune sin årsrekneskap 2012 | |
| • Årsrekneskap 2012 Flora kommune | |

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

SM 44-13

Kontrollutvalsleiarar
KRYSS-revisjon
Vest kontrollutvalssekretariat - VKUS

Førde, 10.07.2013

Dykkar ref.: Vår ref.: Vø Ref.nr.: 346/13 Arkiv: Adm.


NY RÅDGJEVAR I SEKOM-SEKRETARIAT


Asgeir Tveit har sagt opp stillinga si som rådgjevar i SEKOM-sekretariat og Petter Sevaldson Lillebø er tilsett av styret i SEKOM-sekretariat som ny rådgjevar.

Inntil Lillebø tar til i stillinga og opplæring av han er gjennomført, får SEKOM-sekretariat noko redusert kapasitet. Kontrollutvalsarbeidet vil gå sin gang med eigne ressursar og noko innleidd kapasitet. Vi har førespurt sekretariata til Fylkeskommunen og Vest kontrollutvalssekretariat – VKUS (kontrollutvalssekretariat for søre Sunnmøre og to Nordfjord-kommunar) og fått positiv attendemelding frå desse om at dei vil bidra med sekretariatstenester i perioden fram til Lillebø er ferdig med opplæringa.

Vi håpar at dette vil vere ei god løysing i ein overgangsperiode med ny rådgjevar.

Med helsing


Terje Engvik
Styreleiar


Vidar Øvrebo
Dagleg leiar

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SM - 45 - 13

Jacob Nødseth, leiar i klagenemnda i Flora kommune

E-post: jacob.nodseth@gmail.com

Tlf: 4801 3162

Rådmannen i Flora kommune, v/ Terje Heggheim og Norunn Stavø

Kopi: sakshandsamar Sissel Nærø, klagenemnda i Flora kommune, kontrollutvalet v/ leiar, ordførar og gruppeleiarane i Flora bystyre.

Florø 20.08.2013

Gjeld skriv frå kommunalsjef Stavø til klagenemnda «Møte med klagenemnda – ny handsaming», datert 27. juni 2013

Som leiar av klagenemnda ynskjer eg å presisere nokre feilaktige inntrykk av det prosessuelle knytt til sakshandsaming i klagenemnda i Flora kommune, som kan feste seg for den som les skrivet frå kommunalsjef Norunn Stavø av 27. juni 2013 til klagenemnda i Flora kommune, og som ikkje kjenner dei *faktiske forholda* i saka. Eg vurderer dei materielle sidene ved saka, saka sitt innhald, som unnateke offentlegheita av personvernomsyn. Saka vart også handsama for lukka dører i klagenemnda. Spørsmålet om det prosessuelle i saka er derimot ikkje unnateke offentlegheita.

Spørsmålet om saka var tilstrekkeleg opplyst før vedtak vart fatta:

Det vart halde to møte (27. 05. 13 og 14. 06. 13) for å handsame ei einskildsak i klagenemnda som gjeld ei statleg oppreisningsordning. Klagenemnda i kommunen er siste klageinstans. Bakgrunnen for at det vart halde to møte i klagenemnda om éi sak er at administrasjonen ikkje hadde sendt innkalling og saksdokument med høveleg frist til det første møtet. I saker som direkte gjeld einskildpersonar sine rettar gjer prinsippa for forsvarleg sakshandsaming seg særleg gjeldande, og nemnda fatta difor avgjerd om sakshandsaming i to møte som nemnt.

Det vart i begge møta gjeve ei grundig orientering frå kommunen sin juristutdanna sakshandsamar Sissel Nærø. Dette fordi ikkje alle som møtte i klagenemnda hadde hatt høve til å møte opp på rådhuset og lese absolutt alle tilhøyrande *bakomliggende* dokument i saka. Dette er alle dokument, smått og stort, som gjeld klienten sitt møte med Flora kommune over mange år. Langt frå alle dokumenta er relevante for saka. Alle i klagenemnda har derimot fått tilsendt ei vanleg saksframstilling frå administrasjonen. Såleis er det å møte på rådhuset og lese dei øvrige dokumenta, samt den særlege utgreiinga frå juristen eit *tillegg* til det som er vanleg (og presumptivt forsvarleg) sakshandsamingsprosedyre for politiske organ i Flora kommune. At juristen er tilstades i klagenemnda sine møte er forøvrig etter initiativ frå meg for å styrke sakshandsaminga i nemnda.

I det juristen og kommunalsjefen forlot møtet i klagenemnda 14. juni 2013 sa dei sjølve i plenum i møtet at dei opplevde at saka var tilstrekkeleg utgreidd og presentert i begge møta i nemnda og at deira deltaking såleis ikkje var nødvendig i det vidare.

Eg kan såleis ikkje sjå at «vedtaket er tatt på sviktande grunnlag» slik kommunalsjef Stavø skriv 27. juni 2013.

Administrasjonen forlot møtet frivillig:

I notatet til klagenemnda skriv kommunalsjef Stavø: «Kommunalsjef Stavø og jurist Nærø vart bedt om å forlate møtet i forkant av nemnda si drøfting og vurdering av saka. I følge kommunelovas § 23, 3. punkt er dette feil. Administrasjonssjefen har møte- og talerett i alle kommunale organ (med unntak av kontrollutvalet).» Vidare skriv Stavø at «administrasjonen ikkje fikk vere til stades for å gi nødvendig faktisk og juridisk informasjon [...]»

For den som les dette kan det framstå som at administrasjonen nærast vart kasta på dør av klagenemnda og at dei heller ikkje fekk fremje sine synspunkt og vurderingar. Det er ikkje rett.

Under aller første møte i klagenemnda denne valperioden, i desember 2012, vart det fremja eit forslag frå nestleiar i nemnda om at administrasjonen etter å ha svart på spørsmål og sagt det dei ynskjer å seie, forlot møtet og lot nemnda vurdere saka aleine. Saka som då vart handsama var same type sak som den dette skrivet gjeld. Forøvrig hadde nemnda då også besøk av sekretariatsleiaren for oppreisningsordninga denne saka gjeld, også dette mitt initiativ for å gje nemnda nok informasjon om ordninga og slik fatte betre vedtak.

Som leiar bad eg då administrasjonen (den same Stavø og Nærø) om å gje si vurdering av forslaget frå nestleiar. Eg var klår på at om dei ynskja å vere tilstades i heile møtet så hadde eg som leiar ingen innvendingar mot dette. Administrasjonen hadde derimot ingen innvendingar mot forslaget frå nestleiar og nemnda fatta eit samrøystes vedtak om å drøfte saka og fatte vedtak utan at administrasjonen var tilstades, etter at dei hadde presentert saka og svart på spørsmål. Nemnda bad også administrasjonen, på forslag frå nemnda sin nestleiar, vurdere om slik sakshandsamingsprosedyre er i tråd med kommunelova sine føresegner (dei same føresegnene som Stavø viser til i sitt skriv av 27. juni 2013).

Resultatet av sakshandsaminga i desember 2012, materielt sett, var at to medlemmar av nemnda gjekk inn for å imøtekomme klagar, og tre gjekk i mot. Administrasjonen sitt forslag om å forkaste klagen fekk såleis fleirtal. Etter dette vedtaket vart ikkje sakshandsaminga problematisert av administrasjonen.

Når det same forslaget vart presentert av nestleiar 14. juni 2013 kunne framleis ikkje administrasjonen svare på kva som er det kommunalrettslege svaret på forslaget. Administrasjonen hadde ikkje undersøkt det nemnda bad dei om å undersøke. 14. juni 2013 vart det såleis gjennomført ein ny runde der nemnda igjen diskuterte forslaget.

Nemnda fatta eit samrøystes vedtak om at administrasjonen ikkje trong vere tilstades. Dette skjedde etter at kommunalsjef Norunn Stavø sa at ho opplevde at saka var tilstrekkeleg opplyst, at faktum var «gjennomdiskuterb» og at ho «gjerne gjekk inn på kontoret og gjorde andre oppgåver». Jurist Nærø gjekk så langt som å **TILRÅ** at nemnda gjennomførte sine drøftingar og fatta vedtak utan at administrasjonen var tilstades.

Mi vurdering av rådmannen sin møte- og talerett i politiske utval er at det ikkje direkte gjeld ei plikt til å delta i møta, med mindre det politiske nivået ber om det. Dette så lenge saka er tilstrekkeleg opplyst. Om administrasjonen vel å berre delvis bruke sin «møte- og talerett» er dette noko administrasjonen må stå for sjølv. Sidan det her var absolutt semje mellom utvalet og administrasjonen om korleis møtet skulle avviklast, og administrasjonen faktisk deltok i møtet og svarte på spørsmål og gav oppklåringar så opplever eg at saka ikkje er handsama i strid med kommunelova sine føresegner om administrasjonssjefen sin «møte- og talerett» jamfør kommunelova § 23 nr 3.

Påstanden om at vedtak ikkje er skriftleg grunngjeve:

Jurist Nærø har gjort det klart at det nemnda skal vurdere ikkje er ei juridisk fagleg vurdering av erstatningsomgrepet, men ei skjønsmessig vurdering av saka. Dette er også klagenemnda si rolle. I denne saka er klagenemnda siste instans.

Nemnda sitt fleirtal valde å gje erstatning heilt i tråd med det klagar har klagt på. Dette er ei skjønsmessig vurdering. Den er grunngjeve med at nemnda sitt fleirtal meiner at vilkåra for erstatning er innfridd.


Om nemnda hadde gjort som i desember, det vil seie *ikkje* gjeve klagar medhald, hadde dette skjerpa krava til tilstrekkeleg grunngjeving av vedtaket. Grunngjevingsplikta skal i hovudsak tene den saka gjeld, slik at vedtak kan prøvast seinare eventuelt rettsleg eller i eventuelle høgare klageinstansar i forvaltninga.

Såleis meiner eg vedtaket er tilstrekkeleg grunngjeve av nemnda sitt fleirtal. Også ein av dei som gjekk i mot forslaget som fekk fleirtal, gav i nemnda uttrykk for at vedtaket står seg, sjølv om vedkomande var usamd.

Avsluttande merknad:

Eg opplever det som ubehageleg å igjen oppleve at enkeltbyråkratar i administrasjonen framstiller møter mellom administrasjonen og politikarar på ein måte som i beste fall er særns unyansert og ufullstendig. Eg vil ikkje her spekulere i kvifor dette skjer, men eg vil gjere det klart at eg meiner det er eit problem som det må takast tak i. Om nødvendig av bystyret.

Helsing



Jacob Nødseth
Klagenemnda sin leiar

054/13 OPPFØLGING AV BYSTYREVEDTAK

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat

Dato: 19.08.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.08.2013	046/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune, datert 16.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 34/13 Oppfølging av bystyrevedtak.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vart lagt fram utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGING AV BYSTYREVEDTAK

Innleiing – Kva saka gjeld

Diskusjon om rutinar for oppfølging av bystyrevedtak.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 13.05.2013 hadde kontrollutvalet oppe sak om oppfølging av bystyrevedtak.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 034/13 Oppfølging av bystyrevedtak:

- *Kontrollutvalet vurderer å innføre fast ordning med oppfølging av bystyrevedtak.*
- *Kontrollutvalet ber om rådmannen sin uttale i saka.*
- *Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å diskutere saka.*

16.05.13 er det skrive brev til Flora kommune der rådmannen er orientert om vedtaket og der ein ber om ein skriftleg uttale om korleis han ser føre seg korleis ei slik ordning kan fungere. Det er ikkje motteke svar frå rådmannen. Rådmannen er kalla inn til saka i møtet.

Saka var på saklista til kontrollutvalsmøte den 04.06.2013, men vart då utsett.

Sekretariat si vurdering

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune

Førde, 16.05.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 178/13

Arkiv: Flora

RUTINAR OPPFØLGING AV BYSTYREVEDTAK


Kontrollutvalet vurderer å innføre fast rutine med å følgje opp at bystyrevedtak vert effektivt.

- Kontrollutvalet hadde opp sak om dette i kontrollutvalet 13.05.2013; sak 034/13 «Oppfølging av bystyrevedtak». Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:
- *Kontrollutvalet vurderer å innføre fast ordning med oppfølging av bystyrevedtak.*
- *Kontrollutvalet ynskjer også oversikt over vakante stillingar.*
- *Kontrollutvalet ber om rådmannen sin uttale i saka.*
- *Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å diskutere saka.*

Vi ber om skriftleg uttale frå rådmannen om korleis han ser føre seg korleis ei slik ordning kan fungere. Rådmannen vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å diskutere saka nærare. Neste møte i kontrollutvalet er 27.05.2013.

Innkalling til møtet vil bli sendt ut 22.05.2013.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

055/13 OVERSIKT OVER VAKANTE STILLINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 19.08.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.08.2013	046/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune, datert 16.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 34/13 Oppfølging av bystyrevedtak.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet ber om å få tilsendt oversikt over vakante stillingar i Flora kommune.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OVERSIKT OVER VAKANTE STILLINGAR

Innleiing – Kva saka gjeld

Fast ordning med oppfølging av bystyrevedtak.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 13.05.2013 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak i sak 034/13 «Oppfølging av bystyrevedtak»:

- *Kontrollutvalet ynskjer også oversikt over vakante stilingar*

16.05.13 er det skrive brev til Flora kommune der rådmannen er orientert om vedtaket og der ein ber om liste over vakante stillingar i Flora kommune.

Det er ikkje motteke svar frå rådmannen. Rådmannen er kalla inn til saka i møtet.

Saka var på saklista til kontrollutvalsmøte den 04.06.2013, men vart då utsett.

Sekretariat si vurdering

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune

Førde, 16.05.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 179/13

Arkiv: Flora

OVERSIKT VAKANTE STILLINGAR

Kontrollutvalet gjorde i kontrollutvalsmøte 13.05.2013 i sak 034/13 «Oppfølging av bystyrevedtak», bl. a. følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ynskjer også oversikt over vakante stillingar.*

Vi ber etter dette om at det vert lagt fram ei liste over vakante stillingar i Flora kommune.

Rådmannen vert kalla inn til møtet i kontrollutvalet 27.05.2013. Evt. spørsmål rundt at kontrollutvalet vil ha tilsendt oversikt over vakante stillinga, vil kunne bli tekne opp i møtet.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

**056/13 PROSJEKTRKESKAP – SLUTTREKESKAP OG SLUTTRAPPORT
PROSJEKT NR 78531 MILJØHUSET**

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 19.08.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.08.2013	056/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 05.08.2013.
- Utskrift av rekneskap datert 12.03.2013.
- Sluttrapport prosjekt 78531 «Miljøhuset», datert 18.04.2013.
- Sak 009/13 i prosjektkomiteen datert 10.06.2013
- Førebels revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 15.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova .
- Økonomireglement for Flora kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 05.08.2013.
- Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL BYSTYRET :

Saksutgreiing

**PROSJEKTRKESKAP – SLUTTREKESKAP OG SLUTTRAPPORT
PROSJEKT NR 78531 MILJØHUSET**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 78531 Miljøhuset. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Revisjonsuttalen er datert 05.08.2013.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 2.623 114,41. Prosjektet er budsjettert med ei råde på kr. 2.823.055. Prosjektet har såleis eit mindreforbruk på kr. 199.940,36. Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert.

Prosjektkomiteen har gjort vedtak om at mindreforbruket vert overført til prosjekt 78686 Knapstadmarka barnehage.

Revisjonsuttalane stadfester taldelen i sluttrekneskapen.

Bystyret gjer vedtak i prosjektrekneskapssaker over kr. 500.000,-, jfr. delegasjonsreglement for Flora kommune. Bystyret gjer også endeleg vedtak med omsyn til kva måte mindreforbruket skal disponerast

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket.

Flora Bystyre
v/Ordførar
6900 Florø

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:

Kryss/flora/prosjektrek/2013/prosjekt78531

212/614

074/2013

5.8.2013

REVISJONSUTTALE - SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 78531 MILJØHUSET

Rekneskapen for ovannevnte prosjekt nr 78531 *Miljøhuset* har vore førelagt kommunerevisjonen i Flora kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med "ISRS 4400 – Avtala kontrollhandlingar". Desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Flora Bystyre i vurderinga av riktigheita av økonomien i *prosjekt nr. 78531 Miljøhuset*.

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:

Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr 78531 Miljøhuset* som viser ein totalkostnad på Kr 2 623 114,41 Den vedtekne budsjetttramman for prosjektet utgjer kr 2 823 055 prosjektet har såleis eit mindreforbruk på kr 199 940,36.

Prosjektkomiteen har gjeitt si tilråding til disponering i PRKO -009/13. Vi vil ikkje ha merknader til at Flora Bystyre tiltrer vedtak frå Prosjektkomiteen i sak PRKO-009/13.

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- Om prosjektrekneskapen er underskriven på vegne av kommunen
- Beskrivinga av at prosjektrekneskapen samsvarar med politisk vedtak og budsjettføresetnader.
- utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedkjem prosjektet og har "tilhørigheit" til dette
- at det er korrekt handsaming av regelverk kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregime)
- at prosjektrekneskapen er konsistent med taldelen i dei offisielle årsrekneskapane for Flora kommune, som den byggjer på
- at rekneskapsrapporteringane er i samsvar med Flora Bystyre sine vedtak. Jfr det som er nemnt i sluttrapporten .

Våre revisjonshandlingar mot vedkommande prosjektrekneskap for *prosjekt nr 78531 Miljøhuset* vil bli innstilt så snart Flora Bystyre sitt vedtak i saka er effektivt av økonomiavdelinga i Flora kommune.

Flora 5.8.2013

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Vedlegg: Utskrift av rekneskap
Sluttrapport
PRKO-009/13
Førebels revisjonsuttale 15.05.2013

Kopi: Kontrollutvalet
Rådmannen
regnskapssjef Ruth S.Sunde
Controller Berit Seljeseth Osa



Saksgang
Prosjektkomiteen

Møtedato
10.06.2013

Saksnr
009/13

Sakshandsamar:
Hanne A. Morotaie

Arkiv: K1-614, K2-H35, **Arkivsaksnr**
K3-&31 13/790

Objekt:

PROSJEKT 78531 - MILJØHUSET

Kva saka gjeld:

Rehabilitering/ombygging av Miljøhuset slik at brukarane og dei tilsette skulle få eit betre arbeidsmiljø og meir tenelege lokale.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttregneskap vert godkjent slik det ligg føre.

2. Mindreforbruk på kr.199 940,36 vert overført til prosjekt 78686 – Knapstadmarka barnehage.

11.06.2013 PROSJEKTKOMITEEN

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

PRKO-009/13 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttregneskap vert godkjent slik det ligg føre.

2. Mindreforbruk på kr.199 940,36 vert overført til prosjekt 78686 – Knapstadmarka barnehage.

Terje Heggheim
Rådmann

Reidulf Refsnes
Tenesteleiar

Innleiing:

Flora kommune engasjerte Ark. Kjell Hareide for å utarbeide tilbudsgrunnlag til Totalentreprise for rehabilitering/ombygging av Miljøhuset.

Vurdering:

Konkurransen vart utlyst i DOFFIN og var definert som konkurranse med forhandling.

- Til konkurransen var det 5 påmeldte.
- Det møtte 3 på synfaring.
- Anbudsopning var 28.11.08.
- Det kom inn tilbud frå 4.

Forhandlingar vart gjennomført med alle 4 i veke 50 og veke 51/08.

Forhandlingane resulterte ikkje i vesentlege korreksjonar i tilboda og tilbudslysingane.

Desse leverte tilbud:

T1: Vaktmesterkompaniet AS

T2: Skanska AS

T3: Fanevik AS

T4: Florø Bygg AS.

Heretter vert desse kalla T1, T2, T3 og T4.

Konkurransen omfatta prosjektering og utføring av bygningsmessige og tekniske tiltak i Miljøhuset.

Gjennomføring i samsvar med NS 3431- totalentreprisestandarden.

Tildelingskriteriet er det økonomisk mest fordelaktige tilbudet basert på følgjande kriterium:

- Byggetid
- Pris
- Kvalitetar og detaljløysing.

Kriteria er lista opp i upriorifert rekkefylgje.

Prosjektet vart utført som planlagt.

Tilbudet frå Florø Bygg AS(T4) var, utifrå tildelingskriteria, det mest økonomiske fordelaktige tilbudet.

Kontrakt på Miljøhuset i Totalentreprise vart i prosjektkomiteen, sak 005/09 den 04.02.2009 tildelt Florø bygg AS.

Økonomiske konsekvensar:

Det vart sett av kr.3,950 mill. til formålet. (Budsjett og Handlingsplan for 2004, NOK 1,250 mill. og år 2008 kr.2,700 mill.).

Kr.1 126 945,- vart i B-sak 166/12 omdisponert frå Prosjekt 78531 Miljøhuset til toppfinansiering av barnehageareal.

Prosjekt 78531 "Miljøhuset" hadde eit budsjett på kr.2 823 055,- Endelege totale kostnader kom på kr.2 623 114,-. Prosjektet hadde såleis eit mindreforbruk på kr.199 940,- i forhold til budsjettet. Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert.

Det ligg til dei politisk styrande organa å disponere mindreforbruket.

Det var utarbeidd budsjett relatert til kostnad ved å foreta oppbygging og ombygging. Budsjettet inkluderte tilleggsarbeid, fuktskadebehandling, prosjektering, prosjektleiing, byggeleiing og investeringskostnader.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Prenta/uprenta vedlegg:


Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
3	I	15.05.2013	Kryssrevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/ -rekneskap for prosjekt 78531 - Miljøhuset	

KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Flora Kommune
Prosjektkomiteen
v/Reidulf Refsnes
6900 Florø

 FLORA KOMMUNE POSTMOTTAK	
Arkivsaknr.:	13/790-3
Dato:	16 MAI 2013
P	S
U.off.:	Avskr.
Saksh.:	Kopi:

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Kryss/trine/flora/prosjekt/førebels78531

Arkivkode:

212/614

Journalnr.:

052/2013

Dokumentdato:

15.05.2013

FØREBELS REVISJONSUTTALE - SLUTTRAPPORT/ -REKNESKAP FOR PROSJEKT 78531- MILJØHUSET.

Det ligg føre sluttregneskap for ovannemnde prosjekt for perioden 2005-2010. d.12.03.2013
Det ligg føre sluttrapport med evaluering av gjennomføring av prosjektet d. 18.04.2013

Saka er oversendt revisjonen for førebels uttale, med vidare handsaming i Prosjektkomiteen.

Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr 78531* som viser ein total kostnad på Kr 2 623 114,41
Godkjent budsjett for prosjekt nr 78531 er og er på kr 2 823 055,-. Prosjektet har såleis eit
mindreforbruk på Kr 199 940,36,- i forhold til budsjett. Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert. Det ligg
til dei politisk styrande organ å disponere mindreforbruket.


Vi har stadfesta taldelen i sluttrapporteringa ved vår påteikning i dag, og har ingen ytterlegare
kommentarar til den sluttregneskap som ligg føre.

Vi vil kome attende til endeleg revisjonsuttale så snart saka kjem attende frå Prosjektkomiteen, og
deretter vil saka bli vidareført til kommunen sitt kontrollutval som vil avgje uttale i saka.

Vi tør be om at saka vert returnert til oss saman med særutskrift frå Prosjektkomiteen si handsaming,
slik at vi kan føreta avsluttande revisjonshandlingar og utforme ei endeleg revisjonsuttale til
rekneskapsaka. Vi viser ellers til dokument som følgjer saka.

6900 Florø den 15.05.2013

Med helsing


KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl

Kommunerevisor I

Vedlegg:

Utskrift av rekneskap

Sluttrapport

Politiske vedtak i sak: prosjekt

Kopi:

Rådmannen

Økonomisjef

Prosjektleiar

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustidal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no


Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

 FLORA KOMMUNE	Mal					
	Sluttrapport					
	Dok.	nr.	rev.	Godkjent dato	Godkjent (sign.)	Merknader
M -	003	-01	01.01.05		Til godkjenning	

Prosjekt navn: Miljøhuset	Nr: 78531
----------------------------------	------------------

Politiske vedtak

Plan og Miljøutval/Plankomité:
Prosjektkomité: sak 005/09 den 04.02.2009.
Formannskap:
Bystyre: sak 166/12 den 04.12.2012

Historikk / Etervurderingar:

(Avvik og erfaringar i forhold til planer, framdrift, økonomi, kvalitet etc.) Ev. på eige vedlegg.

Saka gjeld:

Rehabilitering/ombygging av Miljøhuset slik at brukarane og dei tilsette skulle få eit betre arbeidsmiljø og meir tenelege lokale.

Innleiing:

Flora kommune engasjerte Ark. Kjell Hareide for å utarbeide tilbudsgrunnlaget til Totalentreprise.

Konkurransen vart utlyst i DOFFIN og var definert som konkurranse med forhandling.

- Til konkurransen var det 5 påmeldte.
- Det møtte 3 på synfaring.
- Anbudsopning var 28.11.08.
- Det kom inn tilbud frå 4.

Forhandlingar vart gjennomført med alle 4 i veke 50 og veke 51/08.

Forhandlingane resulterte ikkje i vesentlege korreksjonar i tilboda og tilbudslysingane.

Desse leverte tilbud:

- T1: Vaktmesterkompaniet AS
- T2: Skanska AS
- T3: Fanevik AS
- T4: Florø Bygg AS.

Heretter vert desse kalla T1, T2, T3 og T4.

Konkurransen omfatta prosjektering og utføring av bygningsmessige og tekniske tiltak i Miljøhuset. Gjennomføring i samsvar med NS 3431- totalentreprisestandarden.

Tildelingskriteriet er "det økonomisk mest fordelaktige tilbode" basert på følgjande kriterium:

- Byggetid
- Pris
- Kvalitetar og detaljløysing.

Kriteria er lista opp i uprioritert rekkefølge.



Prosjektet vart utført som planlagt.

Tilbodet frå Florø Bygg AS(T4) var, utifrå tildelingskriteria, det mest økonomiske fordelaktige tilbudet.

Kontrakt på Miljøhuset i Totalentreprise vart i prosjektkomiteen, sak 005/09 den 04.02.2009 tildelt Florø bygg AS.

Økonomi:

